

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 21.03. 2013
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen m. fleire**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda februar 2013**

Arkivsak

2011/11/

Styresak 039/13 B

Styremøte 10.04. 2013

Forslag til vedtak

Styret tek rapporteringa frå verksemda per 28. februar 2013 til etterretning.

Oppsummering

Ventetidsutviklinga per februar 2013 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 71 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgangen av månaden var 77 dagar. Både ventetida for ventande og behandla har gått litt ned den seinaste månaden.

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er noko høgare enn til same tid i 2012 for innlagde pasientar, men den polikliniske aktiviteten er lågare. Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern syner høgare dagaktivitet innan BUP og høgare døgnaktivitet innan PH for vaksne samanlikna med same tid i 2012.

Prosentdelen fristbrot for behandla er framleis høg (5 %), men har gått litt ned samanlikna med førre månad. Helse Stavanger har framleis størst utfordringar knytt til korridorpasientar innan somatikken, medan Helse Bergen HF og Helse Fonna HF har hatt ein auke dei seinaste månedane. Innan psykisk helsevern har det vore ei stigning i korridorpasientar i Helse Stavanger HF dei siste månedane, medan Helse Bergen HF hadde ein nedgang i februar. Talet langtidsventande har totalt sett fortsett å gå nedover. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 77 % innan somatikken og 79 % innan psykisk helsevern i februar 2013.

Det økonomiske resultatet i februar er kr 42,2 mill som er kr 7,3 mill svakare enn budsjettert. Akkumulert resultat er etter to månader kr 80,2 mill som er kr 19,2 mill lågare enn budsjettert. Føretaka melder ein prognose for året som er i tråd med budsjett.

Helse Stavanger har signalisert ei tiltakspakke med ei forventet effekt frå og med neste rapportering. Helse Fonna har eit risikobilet på i overkant av kr 50 mill. Omstillingstiltaka som skal dekke denne risikoen er tatt inn i budsjettet. For dei andre helseføretaka er risikoen vurdert å vere moderat og det er førebels ikkje vurdert som nødvendig å iversette rapportering på omstillingstiltak.

Samla investeringar per februar er på kr 180 mill. Dette utgjer omlag 10,5 % av forventet investeringsnivå i 2013. Netto likviditet ved utgangen av februar er på kr 599 mill. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert å vere tilfredsstillande.

Fakta

Denne rapporten er utarbeidd med basis i informasjon per 28. februar 2013.

Kommentarar

1. Aktivitetsutvikling

Dei data som blir nytta til å syne aktivitetsutviklinga er tal helseføretaka sjølv har rapportert inn. Biletet under syner endring i aktivitetsnivået per februar 2013, samanlikna med tal for februar 2012. Når ein samanliknar aktivitet for berre ein månad, kan små absolutte endringar gje store relative utslag.

 Aktivitetsutvikling		Resultat	Mål	Status	=
Somatikk					
Aktivitet målt i DRG-poeng		0,8%	1,5%		
Aktivitet målt i opphald		0,3%	1,5%		
Poliklinisk aktivitet		-1,3%	4,5%		
Psykisk Helsevern for Barn og unge					
Aktivitet døgntillegging		-6,2%	2%		
Aktivitet dagtillegging		9,1%	5%		
Psykisk helsevern for voksne					
Aktivitet døgntillegging		2,0%	2%		
Aktivitet dagtillegging		-1,3%	5%		

Somatikk

Dei absolutte tala syner at det per utgangen av februar 2013 totalt var generert nær 44 500 DRG-poeng ved dei fire helseføretaka. Av helseføretaka hadde Helse Fonna HF og Helse Førde HF lågare DRG-produksjon enn til same tid 2012, medan dei to andre helseføretaka hadde ein høgare produksjon. Det samla talet sjukehusopphald til no var om lag 43 000 og det samla talet polikliniske konsultasjonar var tilnærma 157 000. Berre Helse Førde HF har eit høgare poliklinisk aktivitetsnivå så langt i 2013, enn til same tid i 2012.

Psykisk helsevern


I februar 2013 var aktivitetsnivået innan barne og ungdomspsykiatrien målt i liggjedøgn lågare enn nivået i februar 2012. Talet liggjedøgn per februar var om lag 2 750, og den absolutte skilnaden i høve til februar 2012 er om lag 175 færre liggjedøgn. Alle dei fire helseføretaka har eit lågare aktivitetsnivå enn til same tid i fjor. Talet på dagopphald og polikliniske konsultasjonar var nær 22 500. Alle dei fire helseføretaka har rapportert om høgare poliklinisk aktivitet per februar 2013 enn i same månader førre år.

Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for voksne ligg over nivået per februar 2012 målt i talet på liggjedøgn, medan talet på dagopphald og polikliniske konsultasjonar ligg noko under nivået ved utgangen av februar 2012. I absolutte tal har det blitt generert om lag 42 700 liggjedøgn og gjennomført nær 42 700 polikliniske konsultasjonar og dagopphald. Berre Helse Førde HF har generert færre liggjedøgn enn i 2012, medan det berre er Helse Stavanger HF som har ein lågare dag- og poliklinisk aktivitet enn i februar 2012.

2. Ventetidsutvikling


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle som starta behandling i februar 2013 var på 71 dagar (62 dagar for prioriterte og 88 dagar for dei utan prioritet). Figuren nedanfor viser ventetidsutviklinga per helseføretak for alle pasientar som har starta behandling.

Samla ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle pasientar som framleis venta på behandling i Helse Vest ved utgangen av februar 2013 var 77 dagar, fordelt på 55 dagar for prioriterte og 105 dagar for ventande utan prioritet. Figuren under viser samla ventetid for alle ventande fordelt per helseføretak.


Samla ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



Somatikk


Den samla gjennomsnittlege ventetida for ventande innan somatikken var 78 dagar ved utgongen av februar. For pasientar med prioritet var ventetida 56 dagar, og for pasientar utan prioritet 103 dagar. I figuren nedanfor er samla gjennomsnittleg ventetida for ventande vist per føretak.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Ser ein på dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientane som starta somatisk behandling i februar 2013, så var dei 63 dagar for prioriterte og 89 dagar for ventande utan prioritet, noko som gir 72 dagar i gjennomsnitt for alle som starta behandling. Samla ventetid for behandla fordelt per helseføretak er vist i figuren under.


Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Psykisk helsevern for barn og unge


Den gjennomsnittlege ventetida for ventande med prioritet innan BUP var 41 dagar, og for ventande utan prioritet var ventetida 72 dagar ved utgangen av februar 2013. Samla ventetid for alle som venta på behandling var 45 dagar.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Samla ventetid for pasientar som starta behandling i februar 2013 var 64 dagar i gjennomsnitt. Ventetida for prioriterte pasientar var 65 dagar, medan ventetida for dei utan prioritet var 57 dagar.


Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Psykisk helsevern for vaksne


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle ventande innan psykisk helsevern for vaksne var 72 dagar ved utgangen av februar 2013. Ventetida for ventande med prioritet var 39 dagar og 132 dagar for dei utan prioritet.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



For pasientar som starta behandlinga i februar 2013 var den samla gjennomsnittlege ventetida 41 dagar. Prioriterte pasientar hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 50 dagar, medan ventetida for pasientar utan prioritet var 77 dagar.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



3. Fristbrot og langtidsventande


Helseføretaka har arbeidd med å få ned talet på fristbrot sidan sommaren 2010, med målsetting om at fristbrot ikkje skal førekome. I tabellen nedanfor finn ein fire ulike mål på fristbrot.

Samla utvikling i tal og prosentdel fristbrot for Helse Vest

Tid	Fristbrot							
	For ventande ved periodeslutt		Der helsehjelpa har starta i perioden		Totalt (NPR-utrekning)		Nye fristbrot (Med frist i per.)	
	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst
2012-feb	760	3 %	757	7 %	1517	4 %	932	9 %
2012-mar	680	3 %	743	7 %	1423	4 %	891	8 %
2012-apr	879	4 %	666	8 %	1545	5 %	1154	10 %
2012-mai	906	4 %	751	7 %	1657	5 %	1040	9 %
2012-jun	686	3 %	739	7 %	1425	4 %	793	7 %
2012-jul	953	4 %	357	6 %	1310	4 %	831	9 %
2012-aug	841	4 %	843	9 %	1684	5 %	1072	11 %
2012-sep	829	3 %	884	9 %	1713	5 %	1138	11 %
2012-okt	734	3 %	813	7 %	1547	4 %	973	9 %
2012-nov	530	2 %	683	6 %	1213	3 %	743	7 %
2012-des	589	2 %	457	5 %	1046	3 %	668	6 %
2013-jan	435	2 %	698	6 %	1133	3 %	763	7 %
2013-feb	386	1 %	459	5 %	845	2 %	570	5 %


I den månedlege rapporteringa til Helse- og omsorgsdepartementet (ØBAK) er det delen fristbrot for pasientar som har starta behandling som skal rapporterast. Tabellen under viser utviklinga i delen fristbrot for behandla pasientar fordelt per helseføretak.

Utvikling i tal behandla pasientar med fristbrot per helseføretak



I Helse Vest er det og sett i verk tiltak for å redusere talet på langtidsventande. Figuren under viser utviklinga i talet på langtidsventande fordelt per helseføretak.


Utvikling i tal langtidsventande (1 år+) per helseføretak



4. Korridorpasientar og epikrisetid

Figurane under viser utviklinga i bruk av korridorpassar per måned innan psykisk helsevern og somatikk fordelt per helseføretak.

Gjennomsnittleg tal korridorpasientar per dag innan somatikk




I Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF har korridorbruken historisk hatt samanheng med mange utskrivingsklare pasientar. Dei seinaste månadene har det gjennomsnittlege talet somatiske korridorpasientar per dag byrja å stige særleg ved to av dei fire helseføretaka, medan Helse Stavanger HF ligg stabilt høgt. I Helse Bergen HF har talet på utskrivingsklare pasientar auka dei seinaste månadene og dette har gjeve fleire korridorpasientar.

Dei seinaste månadene har det og vært ei auke i gjennomsnittleg tal korridorpasientar innan psykisk helsevern i Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF. I Helse Stavanger HF har stenging av ein post vore

bidragsytar til denne utviklinga. I Helse Bergen HF har det vore eit høgt belegg dei seinaste månedane, men utviklinga har vore positiv i februar.


Gjennomsnittleg tal korridorpatientar per dag innan psykisk helsevern



Den nasjonale målsettinga er at 100 % av epikrisane skal sendast ut innan 7 virkedagar, ei målsetting som Helse Vest ennå ikkje innfrir. I februar 2013 var delen epikrisar utsendt innan fristen 79 % innan psykisk helsevern og 77 % innan somatikken. Innan psykisk helsevern hadde tre helseføretak same prosentdel, medan Helse Stavanger ligg lågare. Helse Førde HF hadde den høgaste prosentdelen innan somatikken.

	Epikrisetider	Resultat	Mål	Status
Samlet Bilde				
Epikrisetid psykisk helsevern		79%	100%	
Epikrisetid somatikk		77%	100%	

Figuren nedanfor syner den samla utviklinga i epikrisetider innan psykisk helsevern og somatikk dei siste 13 månadene.



5. Økonomi


5.1 Resultat

	Februar			Hittil pr. Februar		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	275	581	-306	2 228	1 570	658
Helse Bergen HF	13 422	15 012	-1 590	21 942	28 421	-6 479
Helse Fonna HF	1 920	2 834	-914	892	5 668	-4 777
Helse Førde HF	-169	422	-591	466	844	-378
Helse Stavanger HF	911	7 498	-6 586	-6 923	14 995	-21 918
Kjøp av helsestenester	23 165	23 327	-163	61 028	48 065	12 962
Administrasjon morselskap	-138	-123	-15	1 492	-205	1 697
Helse Vest IKT AS	2 807	-14	2 821	-881	61	-942
Til saman	42 193	49 538	-7 344	80 243	99 420	-19 177

Alle tall i heile tusen

Det økonomiske resultatet i februar er kr 42,2 mill som er kr 7,3 mill svakare enn budsjettert. Akkumulert resultat er etter to månader kr 80,2 mill som er kr 19,2 mill lågare enn budsjettert.

Helse Stavanger



Alle tall i heile tusen


Føretaket har eit resultat i februar på kr 0,9 mill som er kr 6,6 mill svakare enn budsjettert. Akkumulert resultat er minus kr 6,9 mill som er kr 21,9 mill svakare enn budsjettert.

Inntektssida er kr 0,5 mill over budsjett medan kostnadssida viser eit negativt budsjett avvik på kr 22,8 mill. Føretaket melder at kr 6,1 mill av lønnskostnadane inkl. innleige er relatert til eksternt finansierte prosjekt og at føretaket justert for dette har eit negativt budsjettavvik innan lønn på kr 17,4 mill. Hovudårsaka til avviket innan lønn knyter seg hovudsakeleg til vekst i tilsetningar i tidlegare vakante stillingar samt auka bruk av overtid og innleige i forhold til budsjett.

Varekostnadane viser eit positivt avvik på kr 2,3 mill og ein må sjå dette i samanheng med lågare pasientrelaterte inntekter enn budsjettert. Kostnadene knytt til gjestepasientar viser eit negativt budsjettavvik på kr 1,2 mill og skuldast hovudsakleg endeleg oppgjer for 2012 knytt til interne gjestepasientar. Andre driftskostnader har eit negativt budsjettavvik på kr 1,3 mill som hovudsakleg

skuldast auka kostnader til energi og avsetning for tap på fordringar. Finansresultatet er kr 0,3 mill betre enn budsjettert.

Helse Fonna




Alle tall i heile tusen

Resultatet i februar er kr 1,9 mill som er kr 0,9 mill svakare enn budsjettert. Akkumulert gir dette eit resultat på kr 0,9 mill som er kr 4,8 mill svakare enn budsjettert.

Inntektene viser eit positivt budsjettavvik på kr 5,8 mill. Sum driftskostnader har eit negativt budsjettavvik på kr 10,8 mill og personalkostnadane inkl. innleige av personell utgjør eit budsjettavvik på kr 11,4 mill. Det er kostnader til faste stillingar som bidreg mest til det negative avviket. Varekostnadane knytt til føretaket sin eigenaktivitet er etter to månader om lag som budsjettert medan andre driftskostnadar har eit positivt avvik på kr 0,3 mill. Finansresultatet er kr 0,2 mill betre enn budsjettert.

Helse Bergen




Alle tall i heile tusen

I februar er resultatet kr 13,4 mill som er kr 1,6 mill svakare enn budsjettert. Etter to månader er resultatet kr 21,9 mill som er kr 6,5 mill svakare enn budsjettert.

Driftsinntektene viser eit positivt budsjettavvik på kr 11,2 mill medan driftskostnadane syner eit negativt budsjettavvik på kr 18 mill kor lønnskostnad og ekstern innleige utgjer kr 13,7 mill av avviket. Føretaket melder at dette er forhold som vil bli særleg følgt opp framover. Delar av avviket på varekostnad medikament er knytt til biologiske legemiddel, implantat, og medisinske forbruksvarer. Avviket kan setjast i samanheng med høg aktivitet og inntekt. Finanskostnadane er om lag som budsjettert.

Helse Førde



Føretaket har i februar eit resultat på minus kr 0,2 mill som er kr 0,6 lågare enn budsjettert. Akkumulert er resultatet kr 0,5 mill som er kr 0,4 mill svakare enn budsjettert.

Etter to månader er inntektene kr 4,3 mill mindre enn budsjettert. Kostnadssida syner eit positivt avvik mot budsjett på kr 2,8 mill. Bemanningskostnadane er kr 1,2 mill høgare enn budsjettert og det er eit meirforbruk på kr 0,3 mill knytt til varekostnadar. Andre driftskostnader er om lag kr 2,1 lågare enn budsjettert og finanskostnadane har eit positivt avvik på kr 1,1 mill.

Kjøp av helsetenester

Resultatet i februar er kr 23,2 mill, som er kr 0,2 mill svakare enn budsjettert. Akkumulert er resultatet 61 mill som er kr 13 mill betre enn budsjettert.

Administrasjonen

Resultatet i februar er kr 0,1 mill som er om lag som budsjettert. Akkumulert resultat er kr 1,5 mill som er kr 1,7 mill betre enn budsjettert.

Sjukehusapoteka Vest

Etter to månader er resultatet kr 2,2 mill som er kr 0,7 mill betre enn budsjettert.

Helse Vest IKT AS

Etter to månader er resultatet minus kr 0,9 mill som er kr 0,9 mill svakare enn budsjettert.

Prognose

	Heile året		
	Prognose	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	13 000	13 000	0
Helse Bergen HF	165 000	165 000	0
Helse Fonna HF	34 000	34 000	0
Helse Førde HF	5 000	5 000	0
Helse Stavanger HF	90 000	90 000	0
Kjøp av helsetenester	0	0	0
Administrasjon morselskap	0	0	0
Helse Vest IKT as	1 000	1 000	0
Til saman	308 000	308 000	0

Alle tall i heile tusen

Føretaka melder ein prognose for året som er i tråd med budsjett.

Omstilling

Helse Vest RHF har kvalitetssikra føretaka sine budsjett med hovudfokus på å avdekke risiko og sikre iverksetjing av kompensierende tiltak.

Helse Stavanger har signalisert ei samla tiltakspakke på om lag kr 45 mill med ei forventa effekt frå og med neste rapportering. Risikoen er vurdert til å være høgare og føretaket arbeider vidare med å utvide tiltakspakka.

Helse Fonna har eit risikobilete på i overkant av kr 50 mill. Omstillingstiltaka som skal dekke denne risikoen er tatt inn i budsjettet men det er førebels ikkje rapportert om effekt frå desse.

For dei andre helseføretaka er risikoen vurdert å vere moderat og det er førebels ikkje vurdert som nødvendig å iversette rapportering på omstillingstiltak.

Investering

Helse Vest sitt investeringsbudsjett for 2013 blei vedtatt i samband med behandlinga av sak om konsernbudsjett 2013 i februarmøtet. Samla investeringsbudsjett er fastsett til 1,7 mrd. I tabellen under er det vist status på investeringar pr. februar samt estimat for året.

Investeringar 2013	Februar	Resten av		Estimat 2013	Budsjett 2013
		Februar	året		
Bygg	114 387		865 963	980 350	975 350
MTU	47 131		243 694	290 825	295 825
IKT	16 000		210 400	226 400	226 400
Anna	7 891		203 709	211 600	211 600
SUM	185 409		1 523 766	1 709 175	1 709 175

Alle tall i heile tusen

Samla investeringar per februar er på kr 185,4 mill. Dette utgjør omlag 11 % av forventa investeringsnivå i 2013.

Helse Stavanger:

Investeringar 2013	Februar	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Helse Stavanger:				
BUPA	3 672	1 328	5 000	0
Stavanger DPS	8 974	84 226	93 200	93 200
Ferdigstilling MOBA	4 087	15 913	20 000	20 000
Øvrig bygg	4 699	47 151	51 850	56 850
Sum bygg	21 432	148 618	170 050	170 050
MTU	2 697	124 828	127 525	127 525
IKT		0	0	
Anna	4 434	73 366	77 800	77 800
SUM Stavanger	28 563	346 812	375 375	375 375

Alle tall i heile tusen

Investeringar per februar utgjer om lag 8 % av estimert investeringsnivå for 2013. Estimatet for året er som budsjett.

Helse Fonna:

Investeringar 2013	Februar	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Helse Fonna:				
Bygg	6 529	56 971	63 500	58 500
MTU	3 220	31 780	35 000	40 000
IKT	0	5 500	5 500	5 500
Anna	295	9 705	10 000	10 000
SUM Fonna	10 044	103 956	114 000	114 000

Alle tall i heile tusen

Investeringar per februar utgjer om lag 9 % av estimert investeringsnivå i 2013. Estimatet for året ligg på same nivå som budsjettet.

Helse Bergen:

Investeringar 2013	Februar	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Helse Bergen:				
BUSP trinn I og II	3 814	236 186	240 000	240 000
Kronstad DPS	23 804	116 196	140 000	140 000
Ombygging sentralblokken	24 956	234 044	259 000	259 000
Øvrig bygg	29 882	13 118	43 000	43 000
Sum bygg	82 456	599 544	682 000	682 000
MTU	38 368	61 632	100 000	100 000
IKT				
Anna	3 091	95 409	98 500	98 500
SUM Bergen	123 915	756 585	880 500	880 500

Alle tall i heile tusen

Investeringar per februar utgjer om lag 14 % av estimert investeringsnivå i 2013. Estimatet for året ligg som budsjett.

Helse Førde:

Investeringar 2013	Februar	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Helse Førde:				
Luftambulans/pre-hospitalt bygg		30 000	30 000	30 000
Øvrig bygg	3 970	30 830	34 800	34 800
Sum bygg	3 970	60 830	64 800	64 800
MTU	2 846	25 454	28 300	28 300
IKT	0	900	900	900
Anna	0	7 200	7 200	7 200
SUM Førde	6 816	94 384	101 200	101 200

Alle tall i heile tusen

Investeringar per februar utgjer om lag 7 % av estimert investeringsnivå i 2013. Estimatet for 2013 ligg på budsjett.

Sjukehusapoteka:

Investeringar 2013	Februar	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Sjukehusapoteka	71	18 029	18 100	18 100

Alle tall i heile tusen

Investeringar per februar utgjer om lag 0 % av estimert investeringsnivå i 2013. Estimatet for 2013 ligg på same nivå som budsjett.

Helse Vest IKT:

Investeringar 2013	Februar	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Helse Vest IKT	16 000	204 000	220 000	220 000

Alle tall i heile tusen

Investeringar per februar utgjer 11 % av estimert investeringsnivå i 2013. Estimatet for 2013 ligg på same nivå som budsjett. Det er knytt noko usikkerheit til investeringsnivået pr februar grunna forhold knytt til avsetjingar frå 2012.

Likviditet

Netto likviditet ved utgangen av februar er på kr 599 mill. Grafen under viser forventa utvikling i netto likviditet (innskot minus driftskreditt) gjennom året 2013.




Alle tall i heile millionar

Driftskredittramma vil ved årets slutt vere kr 1,708 mrd. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert å vere tilfredsstillande. Helse Vest har tett oppfølging av likviditetssituasjonen og vil om nødvendig treffe tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.

6. Medarbeidarar

Føretaksgruppa Helse Vest – Sjukefråvær




Måltalet er eit samla sjukefråvær på 5,5 % eller lågare, og eit sjukemeldt fråvær på 4,5 % eller lågare. Per februar 2013 var det samla sjukefråværet på 7,7 % og sjukemeldt fråvær på 6,1 %.

Per februar 2013 var sjukemeldt fråværet noko lågare enn kva det var i februar 2012. For samla sjukemeldt fråvær er det òg noko lågare enn per februar 2012.

Det er 4 118 færre sjukefråværsdagsverk i februar 2013 enn i januar 2013. Samtidig er det éin arbeidsdag mindre i februar 2013 enn januar 2013. Det at det er éin færre arbeidsdag i februar i forhold til januar gir eit lågare tal på mogelege dagsverk. Sjølv om det er færre sjukefråværsdagsverk i februar


enn i januar, er det samtidig færre moglege dagsverk å fordele desse sjukefråværsdagsverka på. Dette gir eit høgare sjukefråvær i februar enn i januar.

57,4 % av einingane i føretaksgruppa har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for februar 2013. 61,7 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for februar 2013.



Føretaksgruppa Helse Vest – Månadsverk

Graf og tabell under viser berre helseføretaka.



Det har vore ein nedgang med 15 brutto månadsverk frå januar 2013 til februar 2013 og ein nedgang med 3 netto månadsverk i same perioden. Helse Bergen og Helse Stavanger har hatt ein auke frå februar 2013 til mars 2013, og Helse Fonna og Helse Førde har hatt ein nedgang.

Samanlikna med same periode i 2012 for føretaka samla, har det vore ein auke med 246 brutto månadsverk og 227 netto månadsverk.

Oppfølging av variable timar hittil i år i føretaksgruppa i Helse Vest


Helseføretaka i Helse Vest	201203	201303	Endring 2012-2013	% endring frå 2012-2013	% endring frå 2011-2012
Merarbeid i kroner	74 562 881	80 207 209	5 644 328	8 %	4 %
Overtid i kroner	83 204 675	94 904 724	11 700 049	14 %	6 %
Merarbeid i timer	422 151	423 575	1 424	0 %	4 %
Overtid i timer	191 644	210 759	19 115	10 %	4 %
Brutto månadsverk	56 836	57 834	998	2 %	3 %

Det har vore ein nedgang i bruk av overtid i kroner og timar frå februar til mars, sjølv om bruk av overtid er framleis høgt. Bruk av meirarbeid er stabilt i både kroner og timar, og det er brutto månadsverk også.

Føretaksgruppa Helse Vest – Deltid


Det er per februar 2 463 fast tilsette medarbeidarar som har registrert profilen sin i deltidskartlegginga. Per februar er det 617 fast tilsette som ønskjer høgare stillingsbrøk innan ein måned, 184 innan det neste halve året og 48 på lengre sikt. 1 614 har svart at det ikkje er aktuelt med høgare stillingsbrøk. Dette utgjer om lag 66 % av alle dei som har registrert sin profil i deltidskartlegginga.

Det er satt eit måltal på 20 % reduksjon i differansen mellom 100 % og korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent med utgangspunkt i desse talstorleikane frå mai 2011. Korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent var i mai 2011 på 86,6 %. Differansen var dermed på 13,4 prosentpoeng, og måtalet er satt til at differansen skal være 10,7 prosentpoeng eller lågare. Per februar 2013 er den korrigerte gjennomsnittlege stillingsprosenten på 88,7 %. Dette gir ein reduksjon i differansen på 15,6 %.




Helse Stavanger

Sjukefråvær




57,1 % av einingane i Helse Stavanger HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for februar 2013. 64,4 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for februar 2013.

Månadsverk




Helse Fonna

Sjukefråvær




50,6 % av einingane i Helse Fonna HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for februar 2013. 54,9 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for februar 2013.

Månadsverk




Helse Bergen

Sjukefråvær




52,6 % av einingane i Helse Bergen HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for februar 2013. 57,3 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % per februar 2013.

Måndsverk




Helse Førde

Sjukefråvær




73,4 % av einingane i Helse Førde HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for februar 2013. 73,4 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for februar 2013.

Måndsverk




Sjukehusapoteka Vest

Sjukefråvær




42,9 % av einingane i Sjukehusapoteka Vest HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for februar 2013.
39,3 % av einingane har eit sjukemeldt frávær under 4,5 % for februar 2013.

Månadsverk



Sjukefråvær



73,3 % av einingane i Helse Vest IKT AS har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for februar 2013.
76,7 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for februar 2013.

Månadsverk

